

Kontrollutvalet i Sauda kommune



ÅRSMELDING
2016

INNLEIING

Kontrollutvalet si årsmelding er ei tilbakemelding til kommunestyret om utvalet si verksemd og kva saker og oppgåver som er tatt opp, drøfta og handsama i 2016.

I følgje kommunelova § 77 pkt. 6 skal "***kontrollutvalet rapportere resultatene av sitt arbeid til kommunestyret***".

1. OM KONTROLLUTVALET

Kontrollutvalet er eit lovpålagt organ som skal på vegne av kommunestyret syte for tilsynet med forvaltninga av kommunen (rekneskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon) og selskap som kommunen eig (selskapskontroll). Utvalet skal også sjå til at revisjonen fungerer på ein trygg måte. Ordninga er heimla i kommunelova og i eiga forskrift om kontrollutval.

Kontrollutvalet er ikkje underlagt andre organ enn kommunestyret og rapporterer og innstiller til dette.

Kontrollutvalet har eige reglement, vedtatt av kommunestyret i 2012 og revidert i 2014.

2. MEDLEMENE I UTVALET

Det er kommunestyret sjølv som vel medlemene til kontrollutvalet. Kontrollutvalet skal ha minst tre medlemmer, og etter § 77 nr 1 i kommunelova skal minst eit av medlemene i utvalet veljast mellom representantane i kommunestyret. I 2015 vart det bestemt at kontrollutvalet skulle auke talet på medlem frå tre til fem i frå valperioden 2016-2019.

For perioden 2016-2019 har Sauda kommunestyre vald følgjande medlemmer til kontrollutvalet:

Faste medlemmer:

Alan Geoffrey Thompson - leiar
Jon Lambrigt Grindheim – nestleiar
Signe Marie Breivik
Wenche Pleym
Eirik Tangeraa Lygre

Varamedlemmer:

1. Sjur Hatlen
2. Laura Seltveit
3. Eirik Birkeland

Jon Lambrigt Grindheim sit fast i kommunestyret. Leiar og nestleiar i kontrollutvalet har møte- og talerett i kommunestyret når utvalet sine saker blir handsama.

Ordføraren har møte- og talerett i utvalet. Ordføraren har delteke på to av møta i 2016. Rådmannen har ikkje møterett, men kan innkallast av utvalet. Han eller nokon frå administrasjonen har delteke på tre av møta i 2016.

3. AKTIVITETEN I KONTROLLUTVALET I 2016

Kontrollutvalet har i 2016 hatt 4 ordinære møte fordelt med to første halvår og to andre halvår. Utvalet har hatt 21 (24) saker til handsaming, kor 6 (5) saker blei oversendt til kommunestyret.

37 (32) saker har blitt lagde fram for utvalet til orientering. Som vedlegg til årsmeldinga er det ei oversikt over saker handsama av utvalet og saker lagde fram til orientering.

Møta i kontrollutvalet er opne og blir haldne for opne dører (Kommunelova § 77).

Alan G. Thompson, Signe Marie Breivik og Wenche Pleym deltok på fagkonferansen i regi av Forum for kontroll og tilsyn på Gardermoen 7. – 8. juni 2016.

Signe Marie Breivik, Jon L. Grindheim og Wenche Pleym deltok på haustkonferansen i Sandnes 17.11.16 i regi av Forum for kontrollutval i Rogaland.

4. KONTROLLUTVALET SINE HOVUDOPPGÅVER

4.1 REKNESKAPSREVISJON

Kontrollutvalet skal sjå til at kommunen sin årsrekneskap vert revidert på ein trygg måte. Kontrollutvalet skal også halda seg orientert om revisjonsarbeidet og sjå til at det går føre seg i samsvar med lov, føresegner og god kommunal revisjonsskikk.

I møtet den 25.04.16 handsama kontrollutvalet kommunen sin årsrekneskap for 2015. Utvalet hadde følgjande uttale til rekneskapen:

Sauda kommunes årsregnskap for 2015 er gjort opp med et regnskapsmessig overskudd på kr 2,7 millioner.

Kontrollutvalget har merket seg at årsregnskapet viser et positivt netto driftsresultat med 6,9 million kroner.

Under tilvising til utvalgets egen gjennomgang av regnskapsdokumentene og revisjonsberetningen, mener kontrollutvalget at årsregnskapet totalt sett gir et forsvarlig uttrykk for resultatet av kommunens virksomhet i 2015 og for kommunen si økonomiske stilling pr. 31.12.15.

Kontrollutvalget i Sauda har ikke andre merknader til Sauda kommunes årsregnskap ut over det som går fram ovenfor, av revisor sin revisjonsberetning og økonomisjefens uttalelse i årsberetningen.

Skatterekneskapen for 2015 vart lagt fram for utvalet til orientering i møtet den 01.02.16.

4.2 FORVALTNINGSREVISJON

I følge kommunelova skal kontrollutvalet sjå til at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon av den kommunale verksemda. Kontrollutvalet skal innan utgangen av første året i valperioden utarbeida ein plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Forvaltningsrevisjon skjer etter kommunestyret sin vedtekne plan for forvaltningsrevisjon.

Ny plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016-2020 blei utarbeida i 2016 og vedteken av kommunestyret 22.06.16, sak 66/16.

Utvalet har handsama oppfølging av to tidligare forvaltningsrevisjonsrapportar i 2016. I møtet 01.02.16, sak 04/16 blei rapporten «Teknisk eining» følgd opp. Utvalet tok rådmannen si tilbakemelding til orientering.

I møtet 12.09.16, sak 12/16 blei rapporten om «Internkontroll» følgd opp. Utvalet tok rådmannen si tilbakemelding til orientering.

Prosjektet om «Økonomistyring» blei bestilt i haust som fyrste prosjekt etter ny plan. Rapport vil bli lagt fram på våren 2017.

4.3 SELSKAPSKONTROLL

Kommunelova pålegg kontrollutvalet å sjå til at det vert ført kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap som er heileigde av kommunen eller eigde saman med andre kommunar. Kontrollutvalet skal minst ein gong i valperioden og seinast innan utgangen av året etter at kommunestyret er konstituert, utarbeida ein plan for gjennomføring av selskapskontroll.

Ny plan for selskapskontroll for perioden 2016-2020 blei utarbeida i 2016 og vedteken av kommunestyret 22.06.16, sak 66/16.

Utvalet har ikkje bestilt eller handsama rapportar om selskapskontroll i 2016.

4.4 TILSYN MED REVISOR

Kommunestyret vedtok å inngå avtale med KPMG AS som revisor i 2012. Avtalen gjaldt fram til 30.06.15. Kommunen nytta seg av opsjonsretten og forlengja avtalen med 1 år, fram til 30.06.16.

Kontrollutvalet gjennomførte i 2015 ny anbodskonkurranse om revisjonstenestene for perioden 2016-2020.

Kommunestyret slutta seg til kontrollutvalets innstilling om å velje KPMG AS som kommunen sin revisor i møte 16.12.15, sak 91/15 for dei neste fire åra. Kommunen har opsjon til å forlenge avtalen med 2 år.

Oppdragsansvarleg rekneskapsrevisor er Roald Stakland med kontor i Haugesund. Forvaltningsrevisorane har kontor i Bergen.

Revisor har møte- og talerett i utvalet sine møter. Det har vore ein eller fleire revisorar til stades på alle utvalsmøta. Dei har mellom anna presentert plan for rekneskapsrevisjon og prosjektplan for forvaltningsrevisjonsprosjektet om «Økonomistyring». Utvalet har handsama revisor si eigenerklæring.

4.5 TILSYN MED FORVALTNINGA

Tilsyn med forvaltninga har vore gjennomført ved at rådmannen har orientert utvalet om aktuelle saker, mellom anna budsjettframlegg og økonomiplan. Utvalet har mellom anna blitt orientert om statlege tilsyn og KOSTRA-tal.

4.6 BUDSJETT/REKNESKAP FOR KONTROLL OG TILSYN

Økonomiavdelinga har opplyst følgjande rekneskapstal for 2016:

TENESTE 1100	REGNSKAP 2015	BUDSJETT 2016 (utvalet)	REKNESKAP 2016
Godtgjersle og driftsutgifter	Ført på 1000 ?	119 750	90 542
Revisjonstenester	548 236	410 000	383 759
Sekretariatstenester	153 000	159 000	159 000
Sum utgifter (eks. mva.)		688 750	633 301

Utvalet sitt framlegg til budsjett for 2016 blei redusert av rådmannen. Det blei ikkje lagt fram for kommunestyret, slik det skal ifølgje forskrift. Utvalet gjorde rådmannen merksam på dette og budsjettet blei oppjustert i løpet av året.

Kontrollutvalet handsama hausten 2016 framlegget til budsjett for 2017. Totalt var framlegg til budsjett på kr 797 000 inklusiv mva. Framlegget blei igjen redusert av rådmannen, og utvalet sitt framlegg blei ikkje lagt fram for kommunestyret. Utvalet har igjen bede om ei oppjustering for 2017.

4.7 SEKRETARIAT

Kommunane er pålagt å ha eit kontrollutvalssekretariat som er uavhengig, dvs. ikkje knytte opp mot rådmann eller revisjon. Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS kom i drift frå 2005. Selskapet er eid av 10 kommunar og oppgåvene blir ivaretatt av to tilsette.

Sekretariatet har, i tillegg til kontakt og samarbeid med utvala, administrasjon og politisk leiing, samarbeid med tre revisjonsselskap, andre interkommunale selskap i regionen og sekretariata i Rogaland, Hordaland og Agder.

Fast utvalssekretær har vore rådgjevar Odd Gunnar Høie. Sekretariatet har egne heimesider, www.kontrollutvalgene.no, kor mellom anna alle sakskart, protokollar og rapportar blir lagt ut fortløpande. Selskapet har i 2016 fått nytt styret og oppdatert overordna strategiplan.


Katrine Skorpe møtte som representant for Sauda kommune på representantskapsmøtet 25.04.16.

5. OPPSUMMERING

Aktiviteten i 2016 har vore som planlagt. Ny Overordna analyse for forvaltningsrevisjon og for selskapskontroll blei utarbeidd i samarbeid med revisor. Utvalet har utarbeidd og innstilt til kommunestyret ny plan for forvaltningsrevisjon 2016-2020 og ny plan for selskapskontroll 2016-2020. To tidligere revisjonsrapportar har blitt følgd opp og det er bestilt ein ny rapport om «Økonomistyring» som vil bli levert i 2017. Rådmannen har gjort greie for aktuelle saker som utvalet har bede om undervegs gjennom året.


Sauda, 6. februar 2017


Wenche Pleym


Alan Geoffrey Thompson
Leiar

Signe Marie Breivik


Jon Lambrigt Grindheim


for Eirik Tangeraaas Lygre

VEDLEGG

OVERSIKT OVER SAKER LAGT FRAM FOR KONTROLLUTVALET

Saker til handsaming:

- 01/16 Godkjenning av protokoll 16.11.15
- 02/16 Referat- og orienteringssaker 01.02.16
- 03/16 Årsmelding for kontrollutvalget 2015
- 04/16 Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapport – «Teknisk eining»

- 05/16 Godkjenning av protokoll 01.02.16
- 06/16 Referat- og orienteringssaker 25.04.16
- 07/16 Sauda kommune - uttale til årsregnskapet for 2015
- 08/16 Plan for forvaltningsrevisjon 2016-2020
- 09/16 Plan for selskapskontroll 2016-2020

- 10/16 Godkjenning av protokoll 25.04.16
- 11/16 Referat- og orienteringssaker 12.09.16
- 12/16 Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapport – «Internkontroll»
- 13/16 Vurdering av revisors uavhengighet 2016
- 14/16 Valg av nytt forvaltningsrevisjonsprosjekt
- 15/16 Kontroll og tilsyn – budsjett for 2017 – utvalget sitt forslag

- 16/16 Godkjenning av protokoll 12.09.16
- 17/16 Referat- og orienteringssaker 14.11.16
- 18/16 Orientering om forslaget til budsjett 2017 og økonomiplan 2018-2020
- 19/16 Bestilling av forvaltningsrevisjonsprosjekt – «Økonomistyring»
- 20/16 Overordnet revisjonsstrategi/revisjonsplan for regnskapsåret 2016
- 21/16 Møteplan for 2017 - kontrollutvalget

Saker til orientering:

1. Statusrapport pr. februar 2016
2. Rapport frå Haustkonferansen i Sandnes – munnleg orientering
3. Årsrapport 2015 - fra Skatteoppkreveren i Sauda
4. K-styrevedtak 16.12.15, sak 87/15 – Suppleringsvalg til kontrollutvalget 2015-2019
5. K-styrevedtak 16.12.15, sak 91/15 – Val av revisor 2016-2020
6. Evaluering og val av leverandør – Anbud på revisjonstenester 2016-2020
7. Kommunal rapport 19.01.16 – skatteinntektene 2015 – landsbasis
8. Kommunal rapport 19.01.16 – skattetallene for den enkelte kommune
9. Informasjon om statlige tilsyn med kommuner og fylkeskommuner i Rogaland 2016
10. eINFO 16/1 – Talerett i kommunale organer
11. Referat fra møte i Kommunesektorens etikkutvalg 23.11.15
12. Haugaland Vekst IKS – protokoll frå representantskapsmøte 11.12.15

13. Årshjul – kontrollutvalgets oppgaver
14. Orientering om PP-tjenesten i kommunen v/rådmannen
15. Statusrapport pr. april 2016
16. Kontrollrapport 2015 fra Skatteetaten
17. Oversendelse av signert avtale – revisjonstjenester 2016-2020
18. K-styrevedtak 16.12.15, sak 86/15 – Godtgjørelse kontrollutvalget
19. Representantskapsmøte 25.04.16 – Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
20. Representantskapsmøte 27.04.16 – Interkommunalt Arkiv Rogaland IKS
21. Representantskapsmøte 29.04.16 – Haugaland Vekst IKS
22. Representantskapsmøte 23.05.16 – Krisesenter Vest IKS
23. Årsmøte 03.06.16 – Ryfylke IKS
24. Kommunelovutvalget har overlevert forslag til ny kommunelov – NKRF nytt 10.03.16
25. Høring – NOU 2016:4 Ny kommunelov
26. Statusrapport pr. september 2016
27. Kostnader og budsjett for kontroll og tilsyn pr. september 2016 – økonomirapporter
28. Orientering fra FKT-konferansen 7. – 8. juni 2016
29. K-styrevedtak 22.06.16, sak 66/16 – Plan for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll 2016-2020
30. Spørsmål om styremøte i et IKS – uttalelse fra KMD 04.04.16
31. Statusrapport pr. november 2016
32. K-styrevedtak 19.10.16, sak 18/16 – oppfølging av rapport om Internkontroll
33. Utgifter til kontroll og tilsyn pr. november 2016 –
34. Invitasjon fra FKT Rogaland til Høstkonferanse 17.11.16 i Sandnes
35. Forum for Kontroll og tilsyn (FKT) – høringsuttale til NOU: 4 Ny kommunelov
36. Kommunal rapport 29.09.16 – om revisjonsutgifter
37. KOSTRA-tall vedr. funksjon 110 – Kontroll og revisjon